

Vedlegg 12

Utvalgets mandat og sammensetning

I kongelig resolusjon av 2. mars 1979 om oppnevning av utvalget ble mandatet formulert slik:

«Det blir oppnemnt eit berekningsutval til å utvikle eit system for rapportering, statistisk bearbeiding og fagleg vurdering av data som gjeld økonomien i kommunane og fylkeskommunane».

I premissene til resolusjonen ble mandatet nærmere presisert:

«Utvalget bør ha til oppgåve å gjere opplegg til og gjennomføre faglege analyser av økonomiske tilhøve i kommunane og fylkeskommunane. Utvalget bør gje råd om kva slags data som bør hentast inn og om korleis dette bør gjerast ut frå ei fagleg vurdering. Siktemålet må vere etter kvart å utvikle eit praktisk tenleg rapporteringssystem og analyseopplegg for kommuneøkonomi med eintydig terminologi. Utvalget skal dessutan gje departementet og Regjeringa faglege vurderingar og råd i spørsmål som gjeld økonomiske tilhøve i kommunane og fylkeskommunane, dette m.a. i samband med tiltak som kan ha kommunaløkonomiske konsekvensar».

I brev av 20. januar 1981 til de berørte instanser ga departementet en ytterligere presisering av Utvalgets oppgaver. Spesielt gjaldt dette arbeidet med spørsmål som har tilknytning til fastlegging av den statlige politikk for økonomien i kommuner og fylkeskommuner. Departementet uttalte bl.a.:

- 1) Det blir året igjennom arbeidd med saker og gjort vedtak som har verknader for kommunal og fylkeskommunal økonomi. Dei endelege rammene for kommunal og fylkeskommunal økonomi for neste år blir stort sett fastlagt og gjennom arbeidet med revidert nasjonalbudsjett og skatteutjæmningsproposisjonen om våren. Det tekniske berekningsutvalet skal til arbeidet med desse sakene og elles når departementet ber om det, leggje fram eit materiale som kan gjeve best mogleg grunnlag for utforminga av den statlege politikken som gjeld økonomien i kommunane og fylkeskommunane.

Bakgrunns materialet bør innehalde:

- ei oversikt over dei tilhøve utvalet meiner er viktige for vurderinga av økonomie i kommunar og fylkeskommunar, og ei vurdering av desse tilhøva og av utviklingstendensane. Vurderingane bør gjelde både kommunane og fylkeskommunane sett under eitt og så langt råd er og gjeva oversyn over variasjonane mellom dei ulike kommunar og fylkeskommunar,
- ei analyse av korleis framlegg til statlege tiltak vil påverke økonomien i kommunane og fylkeskommunane,
- så langt utvalet finn det forsvarleg, oversyn over og analyse av hovudproblem i den næraste tida framover.

Utgreiingane bør så langt råd er, byggje på statistikk, men når statistikk manglar, bør utvalet basere analyser på overslag som utvalet sjølv utarbeider. Utgreiingane frå utvalet skal avgjevast til Kommunaldepartementet.

- 2) Ansvar for innhenting av data og det statistiske arbeidet med desse skal etter føresetnadene liggje til Statistisk Sentralbyrå. Byrået må og organisere innrapporteringsrutinane og herunder utnytte datatilfang som alt ligg føre, m.a. i dataanlegg. Men utvalet må gjeva råd om kva for data som bør hentast inn og kva tid dei bør liggje føre, med andre ord formulere krav som må stillast til analysegrunnlag og innrapporteringssystem. Det vil og vere sjølv sagt at utvalet etter kvart under sitt arbeid, peikar på manglar ved statistikken og på ny statistikk som trengst.
- 3) Ut over det som er nevnt under 1 og 2 meiner departementet at det er aktuelt at utvalet tek initiativ til å få utvikle berekningsmodellar slik at det etter kvart på grunnlag av dei data som vil liggje føre, kan hjelpe departementet med konsekvensberekningar både for kommuneøkonomien samla og fordelt på kommunar og fylkeskommunar og for ulike typar av kommuner».

Utvalget har for tiden følgende sammensetning

Utvalgsmedlemmer:

Professor Lars-Erik Borge, NTNU , leder

Avdelingsdirektør Thor Bernstrøm, Kommunal- og regionaldepartementet

Avdelingsdirektør Alette Schreiner, Utdannings- og forskningsdepartementet

Rådgiver Øyvind Brandt, Sosialdepartementet

Rådgiver Espen Erlandsen, Finansdepartementet

Rådgiver Rune Bye, Kommunenes Sentralforbund

Ass. fylkesrådmann Linda Verde, Buskerud fylkeskommune

Ass. økonomidirektør Snorre Glørstad, Trondheim kommune

Forskningsleder Audun Langørgen, Statistisk sentralbyrå

Seniorrådgiver Anne-Britt Svinnet, Statistisk sentralbyrå

Sekretariatet:

Underdirektør Anders Harildstad, Finansdepartementet

Førstekonsulent Paal Drevland, Statistisk sentralbyrå

Førstekonsulent Frode Borgås, Statistisk sentralbyrå

Seniorrådgiver Grete Lilleschulstad, Kommunal- og regionaldepartementet

Seniorrådgiver Einar Bye, Kommunal- og regionaldepartementet

Førstekonsulent Eirik Lund, Kommunal- og regionaldepartementet

Konsulent, Anne Gry Johansen, Kommunal- og regionaldepartementet